

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/16	Levekårsutvalet	PS	26.04.2016
028/16	Kommunestyret	PS	12.05.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	14/7889

Endring av vedtekter for SFO i Lindås kommune

Vedlegg:

Vedtekter+SFO+justert+april 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vedtektene for Skulefritidsordning i Lindås kommune blir justert med følgjande endring i § 7: Opphaldstid, 2. setning, vedkomande heilårstilbod: På følgjande barneskular vert det gjeve heilårstilbod med atterhald om minst 10 påmelde innan 1.5: Lindås, Leiknes, Knarvik/Alversund og Seim.

Levekårsutvalet - 029/16

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Innstilling i Levekårsutvalet - 26.04.2016:

Vedtektene for Skulefritidsordning i Lindås kommune blir justert med følgjande endring i § 7: Opphaldstid, 2. setning, vedkomande heilårstilbod: På følgjande barneskular vert det gjeve heilårstilbod med atterhald om minst 10 påmelde innan 1.5: Lindås, Leiknes, Knarvik/Alversund og Seim.

Kommunestyret - 028/16

KO - behandling:

Innstillinga frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Vedtektene for Skulefritidsordning i Lindås kommune blir justert med følgjande endring i § 7: Opphaldstid, 2. setning, vedkomande heilårstilbod: På følgjande barneskular vert det gjeve heilårstilbod med atterhald om minst 10 påmelde innan 1.5: Lindås, Leiknes, Knarvik/Alversund og Seim.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Rådmannen har fått innspel frå FAU Seim skule, som ber om at det blir oppretta 11 månaders SFO-tilbod ved Seim skule. I innspelet kjem det fram at fleire foreldre ønskjer sterkt at dette blir endra, då det er vanskeleg å kombinere jobbkvardagen med ein SFO som er stengt i alle skuleferiar.

FAU har gjennomført ei behovskartlegging i høve til 11 månaders SFO, og i innspelet som er sendt rådmannen er det lagt ved dokumentasjon på at 23 barn har behov for 11 månaders SFO frå haust 2016.

FAU ved Seim skule ber om at kommunen reviderer ordninga for SFO ved Seim skule, og at det blir etablert eit 11 månaders SFO-tilbod ved skulen frå haust 2016.

Vurdering

Rådmannen har vurdert innspelet frå FAU. I vurderinga har ein tatt utgangspunkt i behovet til elevar/føresette samt eventuell økonomisk konsekvens for kommunen ved å etablere eit 11 månaders SFO-tilbod ved Seim skule. Ved Seim skule er det pr. april 2016 40 elevar som også går på SFO. Tilsvarande tal elevar ved Leiknes skule er i år 30 elevar.

Føresette kan i dag kan nytte seg av SFO-tilbodet ved andre skular i skulen sine feriar, men det er få som gjer dette i praksis. Dette kan skuldast fleire forhold. Eitt av forholda kan vere at det er ein annan skule enn nærskulen, og at ein difor ikkje kjenner barn og vaksne ved den skulen.

Det er meldt inn behov for 11 månaders SFO for 23 elevar ved Seim skule. Dette talet er så stort at rådmannen vurderer det er grunnlag for å etablere 11 månaders SFO-tilbod også ved Seim skule.

Frå før av har ein slikt tilbod etablert ved Lindås barneskule, Leiknes skule, Knarvik

barneskule og Alversund skule.

Etter vedtektene skal SFO vere bemanna med ein assistent pr. 15 barn. I fall SFO skal ha 23 elevar som er påmeld 11 månaders ordning, må ein ha to assistentar tilsett. Rådmannen har vurdert auka foreldrebetaling opp mot lønnsutgifter til assistentar, og kome fram til at ein kan løyse dette innafor ramma til Oppvekst. Rådmannen rår difor til at ein endrar § 7: OPPHALDSTID i vedtektene for Skulefritidsordning i Lindås kommune, ved at Seim skule blir lagt til i rekkja med skular der ein tilbyr heilårstilbod SFO.